

Til medlemskommunane i Vestland fylke v/ ordførar og kommunedirektør

KANDIDATAR TIL VERV I NORSK KULTURSKOLERÅD VESTLAND

Valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland har starta arbeidet med å førebu val av nytt fylkesstyre for perioden 2023-2025. Årsmøtet blir heldt torsdag 16. november i Bergen. Frist for å sende inn forslag er torsdag 24. august til valkomiteen sin leiar.

På årsmøtet skal valkomitéen legge fram forslag til fylkesstyret sin leiar, nestleiar, tre styremedlemmer og to varamedlemmer. Forslag til ny valkomité vert lagt fram av fylkesstyret.

Valkomitéen ber difor medlemskommunane om å føreslå aktuelle kandidatar. I tråd med Norsk kulturskoleråd sine strategiar og satsingsområde kan dette være: politikarar, administrativ leiing, skule-, kultur- og kulturskuletilsette, styrerepresentantar eller tilsette innan universitets- og høgskulesektor, og kandidatar frå andre kompetansmiljø eller frivillige organisasjonar med kunst/kulturbasert verksemd. I sitt arbeid vil valkomitéen legge vekt på geografi, kjønnsfordeling, kompetanse, nettverk, alderssamansetjing og kontinuitet. Også endringskompetanse, medverknadskompetanse og arbeidsgjevarkompetanse er relevant å vurdere.


Den som blir vald til fylkesleder får automatisk fast plass i Kulturskolerådet sitt hovudstyre. Der er for tiden Helga Pedersen leiar og Terje Lindberg nestleiar.

Forslaga skal grunngjevast, og innehalde utdrag frå kandidaten sin CV, med vekt på bakgrunn og kvalifikasjonar.

Spørsmål om innhald og forventningar til verva, kan svarast av underteikna eller fylkesrådgjevar Kristin Geiring / +47 415 70 508 / kristin.geiring@kulturskoleradet.no.

Relevante dokument finn du på [nettsida](#) vår (vel Meny og Om oss); f.eks. vedtektene, Larsenutvalget sin rapport (m.a. om honorar) og Strategi 2032. Her finnes også hovudstyret og fylkesavdelingane sine egne sider.

Med helsing


Mats Systaddal

-leiar for valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland -